

**SPØRJELISTE OM EIT IMMATERIELT KULTURMINNE**  
(Til dømes ein song, eit eventyr, ein dans, ei oppskrift eller ein handverksteknikk)

**Opplysningar om informant:**

Her vil vi gjerne ha opplysningar om den du intervjuar, din *informant*.

Kjønn: Kvinne

Fødselsår: 1923

Fylke: Vest-Agder

Forhold til intervjuar (til dømes om det er bestemor, nabo, onkel eller mor si venninne du intervjuar):

Bestemor mi

**Opplysningar om kulturminnet:**

Her vil vi gjerne ha opplysningar om kulturminnet du har valt ut:

1) Kva slags kulturminne har du valt ut?

Ein voggесong.

2) Veit du kor gammalt kulturminnet er?

Nei, det veit eg ikkje.

3) Er dette eit kulturminne som er knytt til ei særskilt høgtid eller særskilte tider av året?

Nei.

4) Kven var det som lærte informanten din om kulturminnet (til dømes om songen, eventyret, dansen, oppskrifta eller handverksteknikken)?

Då bestemor var lita lærte ho voggесongen av mor si.

5) Beskriv kulturminnet (du kan til dømes skrive teksten på songen eller eventyret, skildre dansen, skrive ned oppskrifta eller forklare handverksteknikken).

Teksten på voggесongen er slik:

Når jeg legger meg til hvile  
Tretten engler om meg står  
Tvenne ved min høyre side  
Tvenne ved min venstre går  
To på vakt ved hodeputen  
To ved foten dess foruten  
En meg dekker, en meg vekker,  
En meg viser alle himmelens paradiser

### **Kulturminnet si reise**

Mange kulturminne (som songar, eventyr og oppskrifter) ”reiser” over store avstandar. Eit kulturminne kan ha oppstått ein stad i Noreg, og det kan gjennom åra ha flytta med eigarane sine til andre stader i landet. Kanskje er dei blitt til i ein heilt anna del av verda enn der dei i dag blir sunge og fortalt. Her vil vi gjerne vite litt meir om kvar kulturminnet du har valt kjem frå.

1) Kvar kjem kulturminnet frå (opphavsstad/land)?

Bestemor lærte songen av mor si. Mora hadde lært voggесongen då ho arbeidde i Kristiania (Oslo) tidlig på 1900-tallet. Eg veit ikkje om songen kjem frå Oslo eller om den opphavleg kjem frå ein anna stad eller land.

2) Beskriv kulturminnet si ”reise” - korleis har det kome til den staden det er i dag?

Etter å ha arbeidd nokre år i Kristiania reiste bestemor si mor attende til Farsund, der ho var fødd og oppvaksen. Der gifta ho seg og fekk to døtrer. Ho brukte å syngje voggесongen for dei då dei var små. Då bestemor blei vaksen og fekk eigne born, pleidde ho å syngje voggесongen for dei.

3) Har den du intervjuar om kulturminnet eit spesielt forhold til det staden eller landet kulturminnet kjem frå?

Bestemor har eit spesielt forhold til Oslo sidan mor hennar budde der då ho var ung. Bestemor har ikkje vore der så mange gonger sjølv, men då ho voks opp fortalde mora mange historier frå tida ho hadde budd i Kristiania.

### **Minner og historier om kulturminnet**

Mange familiar kulturminne som har ei spesiell mening for dei. Det kan være ein song som er blitt lært frå generasjon til generasjon, det kan være ei oppskrift som har følgd familien i mange år.

1) Har kulturminnet ei spesiell mening i familien til den du intervjuar?

Voggesongen har blitt mykje brukt i min familie.

2) Fins det spesielle historier knytt til kulturminnet?

Bestemor si mor var foreldrelaus og voks opp på barneheim i Farsund. Etter at ho var konfirmert, flytta ho til to tanter som budde i Kristiania (Oslo). Der fekk ho arbeid hjå ein familie som dreiv kolonialbutikk i Lakkegata. Ho arbeidde litt i butikken, og passa ungane til dei som dreiv butikken. Det var der ho lærte voggesongen. Ho brukte å synge den for ungane når dei skulle legge seg.